



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 01.06.2015 kl. 15:15-19:00

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar (Ikkje til stades i sakene 25, 26, 31, 32)
Jorunn Ringstad	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Linda Karin Solheim	Medlem
Åge Guddal	Medlem

Forfall:

Kari Berit Ness	Medlem
-----------------	--------

Møtte ikkje:

Jostein Takle	Medlem
---------------	--------

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	UO	Tittel	SH
SR 2015/25		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RZ
SR 2015/26		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2015	RZ
SR 2015/27		Skriv og meldingar	RZ
FR 2015/28		Rehabilitering. Kvammen kapell	RZ
FR 2015/29		Justering. Budsjett 2015	RZ
SR 2015/30		Offerliste 2. halvår 2015	RZ
FR 2015/31		Trusopplæringsstilling	RZ
SR 2015/32		Konfirmantåret 2015/2016. Gudstenester knytt til konfirmantane.	RZ
SR 2015/33		Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av personar til å ta imot førehandsrøyster ved kyrkjevalet 2015	RZ

Askvoll, 01.06.2015

Rune Ziener
Ref.

SR 2015/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre med dei tilleggssaker som vart sett fram i møtet.

SR 2015/26 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2015

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2015 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2015 som den ligg føre.

SR 2015/27 Skriv og meldingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

- M 29/2015 Askvoll kommune: Rapportar frå branntilsyn (08.05.2015)
- M 30/2015 1. tertialrapport Askvoll sokn
- M 31/2015 Status - gravplassane i Askvoll
- M 32/2015 Drøfting - kyrkjevalet 2015. Oppnemning av røystestyre.
- M 33/2015 Skisse, galleritrappeløysing til Holmedal kyrkje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv og meldingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv og meldingar til orientering.

FR 2015/28 Rehabilitering. Kvammen kapell

UTGREIING

Ein har no motteke skisser til nye fasadar frå SWECO AS for rehabilitering av Kvammen kapell.

Det er små endringar samanlikna med dagens fasader. Største endringa er at takkonstruksjonen over inngangsparti/sanitærdelen er heva for å løyse problemene med vassinntrenging ned i sanitæromma. Med denne hevinga går taket over vindusflatene på denne delen av bygget. I forslaget er derfor denne vindusrekka teke ut og erstatta med lyse, grå betongfiberplater. Same materiale er brukt på parapetane rundt på heile hovudtaket.

Dør på hovudinngang er føreslege vidareført i dagens stil, mens det er føreslege standardløysing på dør på sakristiutgang og bårerom.

Som eit alternativ til å erstatte vindusrekka inn mot korridor/inngangsparti med betongfiber, kan ein setje inn nye glasvindu, men dette vil vere ei dyrare løysing. Så lenge utbyggingen av glasrutene ikkje får konsekvensar lysforhold etc. for sjølv kyrkjerommet, bør dette kunne vere ei akseptabel løysing.

Utanom desse endringane, vil det vere ei heving av glaskuppelen på taket, og det er planlagt nye beslag i ein grå farge.

Om soknerådet ønskjer å gå vidare med forslaget frå SWECO AS, kan skissematerialet nyttast som grunnlag for søknad til biskopen om godkjenning av fasadeendringa.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å gå vidare med løysinga for rehabilitering av Kvammen kapell som den ligg føre i skissene frå SWECO AS.
2. Søknad om godkjenning av fasadeendringa vert sendt til Bjørgvin biskop.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å gå vidare med løysinga for rehabilitering av Kvammen kapell som den ligg føre i skissene frå SWECO AS.
2. Søknad om godkjenning av fasadeendringa vert sendt til Bjørgvin biskop.

FR 2015/29 Justering. Budsjett 2015

UTGREIING

1) Investeringsbudsjett

Prosjekt 1004: Utviding Askvoll gravplass

Prosjektet vert overflytta frå Askvoll kommune sitt budsjett til Askvoll sokn sitt budsjett.

Utgifter				
Konsulenttenester	196000			
Anleggsarbeid, trinn 1	1402000			
Avfallshandtering	370000			
Restmidlar til trinn 2	610000			
Kjøp av eigedom	200000			
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>2778000</u>			
Finansiering				
Tilskot frå kommunen	-2535000			
Flytting frå prosjekt 1003	-30000			
Bruk av udisponert frå 2013	-54000			
Bruk av ubunde kapitalfond	-99000			
Bruk av bunde fond	-60000			
<u>Sumfinansiering</u>	<u>-2778000</u>			

Det er ein del uvisse i prosjektet, særleg når det gjeld mogleg tilleggskostnad til avfallshandtering og evt. fjerning/deponering av ureina massar. Det ligg føre kontrakt på anleggstrinn 1, og innhaldet i trinn 2 må ein komme tilbake til når kostnad til trinn 1 (inkludert avfallshandtering) ligg føre.

I budsjettsummen er det lagt inn alt udisponert frå investeringsrekneskapen 2014 og restmidlar frå udisponert i drift 2013, samt dei to bunde fonda festeavgifter og bunde fond til Askvoll kyrkjegard. Vidare er det flytta over kr 30.000,- frå finansieringsdel til prosjekt 1003 (sikring mot Bakkeelva).

Prosjekt 1002: Kvammen kapell

Prosjekteringsarbeidet til dette prosjektet vert dyrare enn ein rekna med. Om prosjektet sine kostnadar elles held innan stipulert sum, vil ein ha behov for å auke ramma med ca. kr 170.000,-.

Dette kan ein finansiere dels med bruk av disposisjonsfond, kr 105.000,- samt ekstra inntekt på festeavgifter med kr 65.000,-, overført frå drift.

Budsjett					
Auke i prosjekteringskostnader	170000				
Finansieringsbehov	170000				
Finansiering:					
Bruk av disposisjonsfond	-105000				
Oppjustert festeinntekt	-65000				
Sumfinansiering	-170000				

2) Driftsbudsjett

Justering i VU-plan

På Askvoll og Holmedal kyrkjegard står det att nokre stubber etter at ein har fjerna tre. Desse stubbene bør ein fjerne. Truleg vil dette arbeidet koste omkring kr 20.000,-. Fjerning av stubber på Holmedal kyrkjegard kan verte finansiert med bunde fond festeavgifter Holmedal, kr 3.230,- og resterande kr 17.000,- med unyttta midlar til finansiering av inventar i VU-plan.

Rekneskapsføring

Utgifter til soknet si rekneskapsføring låg ikkje inne i opprinneleg budsjett. Kr 10.000,- i utgift er lagt inn i justeringsforslaget, finansiert med redusert utgift til kjøp av konsulenttenester (teiknetenester) for trappeløysing Holmedal kyrkje.

Stabsutvikling

Ein har fått tilsegn om kr 10.000,- i OU-midlar frå KA sitt OU-styre til stabsutviklingstiltak. Desse er lagt in i budsjettet.

Trusopplæring

Ein må justere opp refusjonsinntekter p.g.a. sjukelønnsrefusjon, auke kr 45.000,-. Meirinntektene kan nyttast til å styrke kursbudsjettet for trusopplæring med kr 7.000,- for deltaking på trusopplæringskonferansen hausten 2015. Resterande inntekt kr 38.000,- er førebels ført på utgift til arrangement.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

SR 2015/30 Offerliste 2. halvår 2015

UTGREIING

Gudstenesteliste for 2. halvår 2015 er lagt fram.

Askvoll sokneråd må vedta offerformål for gudstenestene.

Kyrkjekontoret har ikkje motteke offerforslag frå kyrkjelydsutvala, så dette vil verte lagt fram i møtet.

GUDSTENESTEPLAN ASKVOLL JULI – DESEMBER 2015			
Dato	Kl	Stad	Offerføremål
Juli			
05.07.2015	11.00	Bulandet	Bulandet kapell
12.07.2015	11.00	Holmedal	Det Norske Misjonsselskap
19.07.2015	11.00	Kvammen	Norsk Gideon Bibelselskap
26.07.2015	11.00	Askvoll	Kyrkjebladet
August			
02.08.2015	11.00	Holmedal	Ikkje offer
02.08.2015	15.00	Atløy	Ikkje offer
09.08.2015	11.00	Kvammen	Kyrkjeblad
16.08.2015	11.00	Bulandet	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
23.08.2015	?	Askvoll	Kyrkjelydsarbeid
30.08.2015	11.00	Holmedal	Kyrkjelydsarbeidet
30.08.2015	19.00	Vilnes	Kyrkjebladet
September			
06.09.2015	11.00	Askvoll	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
13.09.2015	11.00	Bulandet	Fiskarheimen
13.09.2015	11.00	Kvammen	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
20.09.2015	11.00	Askvoll	Det Norske Misjonsselskap
27.09.2015	11.00	Holmedal	Norsk Sundagsskuleforbund
27.09.2015	19.00	Stongfjorden	Stongfjorden kapell
Oktober			
04.10.2015	11.00	Askvoll	Den Norske kyrkja i utlandet
04.10.2015	15.00	Vilnes	Kumle Bedehus
04.10.2015	11.00	Kvammen	Kyrkjelydsarbeidet
11.10.2015			
18.10.2015	11.00	Askvoll	TV-aksjonen
25.10.2015	11.00	Bulandet	Den Indre Sjømannsmisjon
25.10.2015	11.00	Holmedal	Skilbrei Ungdomssenter
November			
01.11.2015	11.00	Vilnes	Kyrkjelydsarbeidet
01.11.2015	11.00	Askvoll	Askvoll kyrkje
08.11.2015	11.00	Kvammen	Kirkens SOS
19.11.2015	19.00	Holmedal	Kyrkjebladet
15.11.2015	11.00	Askvoll	Det Norske Bibelselskap
29.11.2015	11.00	Askvoll	Kyrkjelydsarbeidet
29.11.2015	15.00	Vilnes	Vilnes kyrkje
Desember			

06.12.2015	15.00	Holmedal	Holmedal kyrkje
06.12.2015	15.00	Bulandet	Kyrkjelydsarbeidet
13.12.2015	11.00	Askvoll	Laurdagsklubben
13.12.2015	17.00	Kvammen	Norsk Sundagsskuleforbund
20.12.2015			
24.12.2015	13.30	Kvammen	Kirkens Nødhjelp
24.12.2015	13.30	Vilnes	Kirkens Nødhjelp
24.12.2015	16.00	Askvoll	Kirkens Nødhjelp
24.12.2015	16.00	Holmedal	Kirkens Nødhjelp
25.12.2015	12.00	Askvoll	Den evangelkisk lutherske kyrkje i Jordan og Det heilage landet
25.12.2015	12.00	Bulandet	Kirkens Nødhjelp
31.12.2015	16.00	Askvoll	Ikkje offer
01.01.2015	17.00	Askvoll	Kirkens SOS

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag til offerføremål for dei ulike gudstenestene vart sett fram i møtet av representantar for kyrkjelydsutvala.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 2. halvår 2015 i samsvar med forslaga sett fram i møtet. (Forslaga er innarbeidd i offertabellen i saksutgreiinga.)

FR 2015/31 Trusopplæringsstilling

UTGREIING

Trusopplærar Bente M Strømmen har sagt opp stillinga si frå 01. juni 2015. Med tre månader oppseiingstid er derfor trusopplæringsstillinga i Askvoll sokn ledig frå 01. september 2015.

Ein bør kunngjere ledig stilling før sommaren om ein skal ha moglegheit til å få inn nokon ny til hausten.

Rekruttering inn i trusopplæringsstillingar er krevjande, særleg i deltidsstilling.

Med tanke på rekruttering burde ein auke opp stillingsstorleiken til 50%, men det er ikkje økonomisk rom for dette innanfor tilskotsramma.

Om ein ikkje lukkast med tilsetjing i første omgang, kan ein evt. forsøke å etablere stillingssamarbeid med andre fellesråd eller finne rom for auka finansiering for å kunne tilby større stilling.

Tidspunktet for utlysing før sommarferien er ikkje optimalt.

Med søknadsfrist omkring 1. juli kan det vere problematisk å gjennomføre intervju og samle eit vedtaksført sokneråd for tilsetting 1. halvdel av juli.
Alternativt kan ein setje søknadsfrist til tidleg august og ha intervju og tilsettingsmøte seint i august.
Med den tidsplanen vil ein ikkje ha tilsett ny trusopplærar før neste konfirmantår er i gang.

To forslag til tidplan:

Alt 1.

Innan 5. juni: Kyrkjeverja formulerer utlysingstekst og kunngjer ledig stilling.
Søknadsfrist 30. juni.
Intervju i veke 28
Tilsettingsmøte i veke 29

Alt 2.

Innan 10. juli: Kyrkjeverja formulerer utlysingstekst og kunngjer ledig stilling.
Søknadsfrist 10. august.
Intervju i veke 35
Tilsettingsmøte i veke 36

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Saka vart lagt fram i møtet.

Forslag frå Jorunn Ringstad om at trusopplæringsstillinga vert auka opp til 50%, og utlyst med søknadsfrist 30. juni i samsvar med tidsplan alt. 1.
Administrasjonsutvalet får fullmakt til å føreta tilsetting.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Trusopplæringsstillinga vert auka opp til 50%, og utlyst med søknadsfrist 30. juni i samsvar med tidsplan alt. 1.
2. Administrasjonsutvalet får fullmakt til å føreta tilsetting.

SR 2015/32 Konfirmantåret 2015/2016. Gudstenester knytt til konfirmantane.

UTGREIING

Saka vart lagt fram i møtet.
Det låg ikkje føre saksutgreiing, men oppsett for konfirmantgudstenester vart delt ut.

MØTEHANDSAMING

I møtet vart det sett fram nokre justeringsforslag til framlagte plan.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek slik datoplan (gudstenester) for konfirmantåret 2015/2016:

23.08	Gudsteneste med konfirmant kick-off
10.04	Samtalegudsteneste
24.04	Konfirmasjon Holmedal
08.05	Konfirmasjon Askvoll
14.05	Konfirmasjon Vilnes (laurdag)
15.05	Konfirmasjon Bulandet+Værlandet
22.05	Konfirmasjon Stongfjorden+Kvammen

SR 2015/33 Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av personar til å ta imot førehandsrøyster ved kyrkjevalet 2015

UTGREIING

Saka vart sett fram i møtet i samband med sak M 32/2015.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek at kyrkjeadministrasjonen tek imot førehandsrøyster til kyrkjevalet.